




Statsforvalteren i Vestfold og Telemark

Orientering om retten til å klage på karakterar

Alle elevar har rett til å klage på standpunkt-karakterar og eksamenskarakterar. Her finn du som er elev i grunnskolen, informasjon om kva du kan klage på, kven som kan klage, og korleis du går fram viss du vil klage.



Du kan klage på karakterar

Alle elevar har rett til å klage på standpunkt-karakterar og eksamenskarakterar. Her finn du som er elev i grunnskolen informasjon om kva du kan klage på, kven som kan klage, og korleis du går fram viss du vil klage.

Kva kan du klage på?

Du kan klage på alle karakterar på vitnemålet. Du kan også klage på at du ikkje har fått standpunkt-karakter i eit fag (IV).

- Viss du klagar på ein standpunkt-karakter i eit fag, eller i orden eller oppførsel, kan du be om ei skriftleg grunngjeving for karakteren.

Kven kan klage på karakterar?

Du som er elev, har rett til å klage på ein karakter. Viss du er under 15 år, må forelda dine godkjenne at du klagar. Viss du er under 18 år, kan foreldra dine klage på ein karakter sjølv om du ikkje ønsker det.

Når er fristen for å klage?

Klagefristen er ti dagar frå du fekk vite karakteren eller burde ha gjort deg kjend med den. Viss du ber om ei grunngjeving for karakteren innan fristen, får du ti nye dagar som vert rekna frå den dagen du mottok grunngjevinga frå skolen.

Korleis klagar du?

Klaga må vere skriftleg, og den som klagar (du eller foreldra dine), må skrive under på klaga. Det må kome tydeleg fram kva for ein karakter du klagar på.

- Viss du klagar på ein standpunkt-karakter i eit fag, eller i orden eller oppførsel, bør du grunngje klaga di. Det gjev deg ei sjanse til å beskrive di side av saka.

Du sender klaga di til skolen. Skolen sender deretter saka vidare til Statsforvaltaren.

Korleis blir klaga di behandla?

Behandlinga hos Statsforvaltaren avhenger av kva for karakter du klagar på.

- **Klage på standpunkt-karakter i fag**

Viss du klagar på ein eller fleire standpunkt-karakterar, må faglæraren skrive ei grunngiving for karakteren din, og rektor må skrive ei fråsegn om korleis skolen har behandla saka. Saka blir deretter send til Statsforvaltaren, og du får ein kopi. Klagen din og opplysningane frå skolen dannar til saman grunnlaget for Statsforvaltaren si behandling av saka.

Statsforvaltaren skal ikkje ta stilling til om karakteren din er rett ut frå det faglege nivået ditt. Statsforvaltaren skal i si behandling av saka berre ta stilling til om reglane som gjeld karaktersetjing er følgde. Statsforvaltaren skal ikkje overprøve det faglege skjønnet til læraren.

Her er døme på reglar som skal vere overhaldne:

- Faglæraren skal beskrive kva du kan, ut frå kompetanseområda i læreplanen for faget.
- Vurderinga i orden og åtferd skal ikkje vere blanda saman med vurderinga i det enkelte faget

Dersom Statsforvaltaren kjem til at reglane som gjeld for karaktersetjing, ikkje er følgde, eller at det er tvil om at reglane er følgde, opphevar Statsforvaltaren karakteren din. Saka blir då send tilbake til skolen der rektor og faglæraren skal gjere ei ny vurdering. Rektor set deretter ein endeleg karakter.

Når rektor og faglæraren gjer ei ny vurdering, kan rektor bestemme om karakteren skal endrast eller bli ståande. Den nye avgjerdha skal grunngjast. Du kan ikkje klage på den endelege karakteren. Skolen skal sørge for at du får beskjed om den endelege karakteren, og grunngivinga for denne. Dersom karakteren blir endra vil du som har slutta i grunnskolen få utstedt nytt vitnemål.

- **Klage på standpunkt-karakter i orden eller åtferd**

Viss du klagar på karakteren din i orden og åtferd, skal både kontaktlæraren og rektor skrive ei fråsegn.

Dette skal rektor leggje ved klagen din når han blir send til Statsforvaltaren:

- ei fyldig grunngiving for karakteren
- ei oversikt over kva tiltak skolen har sett i verk for å betre på forholda
- opplysningar om tidlegare karakterar du har fått i orden og åtferd
- opplysningar som viser at du og foreldra dine har fått skriftleg varsel om farene for at ordens- og/eller åtferds-karakteren kan bli ein anna karakter enn God
- papir som viser korleis skolen har behandla saka, eventuell korrespondanse med heimen, og annan relevant dokumentasjon
- kopi av ordensreglementet på skolen

Du eller foreldra dine skal ha kopi av det som blir sendt til Statsforvaltaren.

Dersom Statsforvaltaren kjem til at det er grunnlag for å gjere om vedtaket, er det Statsforvaltaren som set ny karakter, ikkje rektor. Den nye karakteren blir fastsett på grunnlag av dei opplysningsane som finst. Avgjerdha frå Statsforvaltaren er endeleg. Du får beskjed om ny karakter gjennom vedtak frå oss.

- **Klage på skriftleg eksamen**

Viss du ønskjer å klage på karakteren du får på skriftleg eksamen, skal du klage skriftleg til rektor ved skolen din. Rektor skal sørge for at du får sjå besvarelsen din og får kjennskap til retningslinene som gjeld for sensuren.

Det skal vere ein som ikkje har sensurert besvarelsen din tidlegare, som skal sjå på den på nytt. Dei skal ikkje jobbe ved den skolen du går på. Dei som får denne jobben sitter i det som vert kalla ei klagenemnd, og er ei nemnd som består av tre personar.

Klagenemnda skal ta stilling til om karakteren du har fått er urimeleg. Viss nemnda kjem til at karakteren er urimeleg, skal det setjast ny karakter. Viss karakteren blir endra, blir den vanlegvis satt opp, men du bør vere klar over at det er mogleg at karakterar blir satt ned etter klagebehandlinga. Skolen skal sørge for at du får beskjed om resultatet av klagebehandlinga.

- **Klage på munnleg eksamen**

Du har rett til å klage på formelle feil som har hatt noko å seie for eksamensresultatet. Til munnleg og munnleg-praktisk eksamen er det ikkje høve til å klage på karakteren.

Viss du ønskjer å klage på formelle feil ved munnleg eksamen, skal du kontakte rektor ved skolen din. Skolen har ansvar for å rettleie deg i spørsmål om klagen. Sensor, faglærar og rektor skal uttale seg skriftleg, og rektor sender uttale til Statsforvaltaren. Kopi skal sendast til deg eller dine føresette.

Dersom du får medhald i klaga, annullerer Statsforvaltaren karakteren din. Viss du ønskjer det, kan det haldast ny eksamen for deg. Da vert det trekt på nytt kva fag du kjem opp i. Førebuingstida er den same som ved ordinær eksamen.

I forskrift til opplæringslova kap. 5 *Klage på vurdering med karakter*¹ finn du lovgrunnlaget for retten til å klage og klagebehandling.

På Utdanningsdirektoratets heimeside vil du finne meir informasjon om regelverket om standpunktvurdering² og Statsforvaltaren si klagebehandling³.

Du kan også ta kontakt med oppvekstavdelinga hos Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark på tlf. 33 37 10 00 eller fmvteksamnen@Statsforvaltaren.no viss du har spørsmål.

¹ [Forskrift til opplæringslova, kapittel 5. Klage på vurdering](#)

² <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/vurdering/sluttvurdering/standpunktvurdering/>

³ <https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Vurdering/behandling-av-klager-pa-standpunktcharakterer-i-fag/>